

Styremøte Sogn og Fjordane Sau og Geit – 28.02.2012

Tilstades: Lars Nesse, Mirjam Friberg, Rune Myklebust, Eva Høydal og Håvard Øyrehagen (ref)

7/12 Referat og meldingar

Referat frå førre møte vart godkjent utan endringar.

Meldingar

Lars: Møte i avlsutvalet 15. mars. Årsmøte fleire lokallag i Luster. Rogaland møte regionsutvalet.

Mirjam: Har teke tak i rekneskap og ordna alle fullmakter. Ventar på Årsmøtereferat.

Rune: Vikane SG ynskjer Rune som representant på årsmøte.

Eva: Styret må ta kontakt med lokallaget i Guddal og vedkommande geitebonde som vart råka i brannen

Håvard: Årsmøte i Bondelaget, representantskapsmøte i NSG

8/12 Konstituering

Det nye styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit er konstituert.

Leiar – Håvard Øyrehagen

Nestleiar – Eva Høydal

Sekretær – Mirjam Friberg

Rovviltkontakt – Lars Nesse

Geiteansvarleg – Rune Myklebust

Kasserar – Stad Regnskap og rådgiving DA

9/12 Datoar for arbeidsplan

Sjå eige dokument.

Møtet avslutta til lunch

Håvard Øyrehagen

Lars Nesse

Mirjam Friberg

Eva Høydal

Rune Myklebust

Møtet starta att etter kjapp lunch

10/12 Kommunikasjonsplan

To positive oppslag i året i lokalavisene. Fordelt mellom styremedlemmane. Kvar gong det er aktivitetar kan pressa inviterast. I tillegg kan ein vurdera informasjon før beiteslepp og før sanking.

Ta kontakt med Sogn og Fjordane 4H for å følgja opp dei som vil ha oppgåve sau, geit eller gjetarhund.

11/12 Oppdaterte lister lokallag

Innsendte årsmeldingar må sjekkast opp mot eksisterande lister og oppdatere kontaktinformasjon. Det må også sjekkast at alle lokallag har sendt inn årsmelding.

Ha som mål til neste styremøte å komma i kontakt med alle lokallag og fortelja dei at fylkesstyret føler ansvar for dei.

12/12 Samanslåing lokallag

Fylkesstyret godtek søknad om samanslåing av lokallaga Hyen og Gloppen. Medlemmane skal flyttast over til Gloppen.

13/12 Neste møte

Neste møte vart bestemt til 10. april på Skei.

14/12 Innspel til jordbruksforhandlingane

Innspel frå Årsmøtet i Sogn og Fjordane Sau og Geit vert sendt til Norsk Sau og Geit sentralt, Bondelaget Sogn og Fjordane og Norsk Bonde-og Småbrukarlag Sogn og Fjordane.

15/12 Ymse

Styret i SFSG vel gjetarhundnemnd etter forslag frå nemnda:

Kurt Magne Fardal, Gaupne (Leiar)

Roger Bukkøy, Kvammen

Knut Alsaker, Olden

Leiar sender informasjonsskriv til lokallaga med lenkje til mal for beitebruksplanar i samband med rullering av beitebruksplanar, samt informasjon om nytt styre og oppdatering av kven dei ulike styremedlemmane har ansvar for.

Sign

Håvard Øyrehagen

Sign

Lars Nesse

Sign

Mirjam Friberg

Sign

Eva Høydal

Sign

Rune Myklebust